

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 7. mars 2017 kl. 15.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes og May Sissel Osvik

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Knut Helge Harstad
Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

SAK 04/17

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. MARS 2017

Kaja Kongsnes ga uttrykk for at ho ikkje var samd i følgjande formulering gjeldande sak 03/17:

«Leiar ga ei orientering. På bakgrunn av denne orienteringa ga Kaja Kongsnes uttrykk for at bekymringsmeldinga skulle trekkjast.»

Ny ordlyd skal vere:

Leiar ga ei orientering. På bakgrunn av denne orienteringa ga Kaja Kongsnes uttrykk for at saka var opplyst og avklara.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med endringa nemnt ovanfor blir møtebok frå møte 1. mars 2017 godkjent.

SAK 05/17

DRØFTING AV INTERNT NOTAT VEDKOMANDE GRANSKING AV ARBEIDTILHØVE MELLOM POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING - STATUS

Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Det kom fram synspunkt på nokre forhold:

- Vektlegge det å beskrive fakta, la andre konkludere
- Vurdere å lage eigen rapport om arbeidsmiljø
- Drøfte forhold som gjeld arbeidsmiljølova § 4.3 ledd.
- Vurdere utvida kontradiksjon

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar endeleg rapport.

Møtet vart opna.

SAK 06/17

RÅDMANNEN SIN HABILITET I SAK OM GRANSKING AV ARBEIDTILHØVE MELLOM POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING I ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument datert 07.03.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ørskog kommunestyre finn at rådmann Synnøve Vasstrand Synnes er inhabil til å ta del i arbeid knytt til kommunen si sak om gransking av arbeidstilhøve mellom politisk og administrativ leiing i Ørskog kommune.

Knut Helge Vestre	Målfrid Sjøstad	Øystein Eide	Kaja Kongsnes	May Sissel Orvik
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)